

Institutt for fruktdyrking  
Norges landbrukshøgskole

Stensiltrykk nr. 18

R I P S S O R T A R

Av

Kåre Valset

NLH 1973



Institutt for fruktdyrking

Norges landbrukshøgskole

Stensiltrykk nr. 18

R I P S S O R T A R

Av

Kåre Valset

NLH 1973

## Litteratur

1. BERGELIEN, E. & H. SAHLSTROM. 1958. Sortsförsök med röda vinbär 1943-1957. Medd.St.Trädgårdsförs.116.
2. BROOKS, R.M. & H.P. OLMO. 1972. Register of new fruit and nut varieties. 2.ed. Berkley, California. 708 s.
3. DPRSMAN, C. 1969. 14e rassenlijst voor fruitgewassen. Bennekom. 102 s.
4. ESBJERG, N. 1919. Forsøg med sorter af stikkelsbær, ribs og solbær. Tidsskr.Planteavl 26:52-79.
5. GROVEN, I. 1964. Sortsforsøg med ribs. Tidsskr.St.Planteavl 68: 502-516.
6. GROVEN, I. & G. BUCK. 1972. Sortsforsøg med ribs. Tidsskr.St. Planteavl 76:209-220.
7. JOHANSSON, E. 1961. Röda vinbär, odling och sortval. Sv.Pom.För. Årskr.111-116.
8. KNIGHT, R.L. et al. 1972. Abstract bibliography of fruit breeding and genetics. Rubus and Ribes. London. 449 s.
9. KRONENBERG, H.G. 1964. Some varietal differences in red currant. Hort.Res.3:72-78.
10. KRONENBERG, H.G. & L. GERSONS. 1965. Het rode bessenras Rondon. De Fruittelt 55:366.
11. KRONENBERG, H.G. & H.A. van KEULEN. 1964. De kwaliteit van rode bessenrassen. De Fruittelt 54:365-366.
12. OLDHAM, C.H. 1955. Black and red currants. Worcester. 136 s.
13. STEDJE, P. 1924. Prøve med sorter av ribs. Landbruksdirektørens beretn. 1923, 34-41.
14. SØRENSEN, H. 1941. Sortsforsøg med solbær og ribs. Tidsskr.St. Planteavl 46:329-354.

## I n n h a l d

	Side
I. Systematikk -----	1
II. Arts- og sortskjennemerke --	1
III. Arter og sortsgrupperingar -	2
IV. Sortar -----	3
a) Raudrips -----	3
b) Kvitrips -----	14



## R I P S S O R T A R

### I. Systematikk

Slekta Ribes (2x = 16) blir delt i fire grupper:

1. Berisia, med R.alpinum, R.orientale o.fl. pydbusker.
2. Grossularia, med dei artene som er opphav til stikkelsbærsortane.
3. Coreosma, med dei artene som er opphav til solbærsortane.
4. Ribesia, med dei artene og artskryssingane som er opphav til ripsortane, nemlig 5 arter og ei underart:
  - a. R.sativum Syme (syn. R.vulgare Jancz) med underarta R.sativum macrocarpum ("kirsebærrips").
  - b. R.rubrum L.
  - c. R.petraeum Wulf.
  - d. R.warscewiczii Jancz.
  - e. R.multiflorum

Ein del artshybridar har fått eigne artsnamn; t.d.:

- R.rubrum x R.sativum = Ribes houghtonianum Jancz.  
R.sativum x R.petraeum = Ribes gondouini Jancz.  
R.petraeum x R.rubrum = Ribes pallidum O. og D.  
R.sativum x R.warscewiczii = Ribes futurum Jancz.

### II. Arts- og sortskjennemerke

Det er ikkje så mange særleg tydelege botaniske kjennemerke mellom dei 5 nemnde artene, og heller ikkje sortane merker seg så tydeleg ut slik at dei lett kan grupperast under ei bestemt art eller artskryssingar.

Av arts- og sortskjennemerke som likevel kan vere til hjelp når ein skal skildre eller identifisere sortar, kan nemnast:

Blomsterforma. Det blir skilt mellom asjettforma (flate), koppforma og klokkeforma blomster. I dette stykke er artene tolleg lette å skilje. Når det gjeld sortane, er det ikkje alltid lett å føre dei under ei bestemt blomsterform. Ofte er blomsteren ein mellomting mellom to blomstertypar, alt etter kva arter sorten ættar frå.

"Ringen" i blomsterbotnen er ei opphøging i underbegeret som formar ein ring innafor kronblada når ein ser inn i blomsteren. Blomsteren kan vere med eller utan slik ring.

Farge på begerblad som kan vere raudfarga eller ikkje raudfarga.

Farge på blomsterbotnen, innvendig, som kan vere raudfarga eller ikkje raudfarga.

Bærfarge. Her er inndelinga grei i det ein vanleg har sortar med raude bær (raudrips) og sortar med lyse eller gulkvite bær (kvitrips). Det fins også sortar med raudstripa bær, men dei er sjeldne og har ikkje fått nemnande verdi for dyrking og forbruk.

Bladsinus som kan vere grunn eller djup.

### III. Arter og sortsgrupperingar

Vi tar med ein kort karakteristikk av arter og artskryssingar med døme på sortar som vanleg blir grupperte under dei:

1. a. Ribes sativum Syme, har asjettforma (flate) blomster med ring.

Sortar: T.d. Blanche de Versailles, Kvit Hollandsk, Laxton's No. 1, Pomona og Heros.

b. Underarta R.s.macrocarpum, har same kjennemerke som arta. Sortar av denne underarta går elles under namnet "kirsebærrips". Sortar: T.d. Fay's Prolific, Stephens, Laxton's Perfection, Red Cross, Red Lake og Versailles Rote.

c. Ein del sortar blir rekna som avkom etter sortar av R.sativum x sortar R.s.macrocarpum. Dei har blomster som R.sativum, men skil seg noko ut i bladform, bladtjukk o.l. Hit høyrer t.d. Cascade og Jonkheer van Tets.

2. a. R.rubrum L. har koppforma blomster utan ring. Arta er viltveksande i Norge og fins i fleire varietetar eller formar. Berre ein sort er førd opp her, nemleg Scotch.

b. Derimot fins det fleire sortar som er avkom av sortar av R.sativum x sortar av R.rubrum. Dei er oftast utan ring, t.d. Houghton Castle og Weisse aus Jütteborg.

3. a. R.petraeum Wulf. har klokkeforma blomster utan ring. Ingen av dei mest kjende sortane er førd opp direkte under R.petraeum, men fleire er avkom etter kryssingar der R.petraeum er med, t.d. R.petraeum x R.rubrum, som får blomster utan ring; t.d. Raud Hollandsk, Prince Albert og Erstling aus Vierlanden.

4. R.warszewiczii frå Asia som har lyseraude blomster med svak ring, hårete blad og svakt purpurfarga bær.
5. R.multiflorum, ei søreuropeisk art med lange klasar, har i kryssingar med sortar frå *R.petraeum* x *R.rubrum* gitt sortar som t.d. Heinemanns Rote Spätlese og Rondom.

#### IV. Sortar

##### a) Raudrips

##### Ayrshire Queen

##### Bridgeford

##### Cascade

Opphav: (*Ribes sativum* x *R.s.macrocarpum*). Etter fri pollinering av Diploma, 1926/1942, ved Minnesota Un. fruit breeding farm, ved W.H. Alderman m.fl.

Synonym: Minnesota 70.

Vekst: Kraftig, nokså opprett, brøl busk.

Blad: Lyst grøne, breie med kort endelapp og oppbøygde bladrand. Bladsinus grunn til middels djup.

Blomster: Middels store, gulgrøne. Tidleg blomstring.

Klase: Lang.

Bær: Store, runde, mørkeraude med kvite årer. Tett klase. Stor avling. Tidleg mogen. Syrleg smak, god kvalitet.

Sjukdom: Litt utsett for bladsjukdom.

Dyrkingsverdi: Ikkje prøvd ved NLH (1973), men er rekna for å vere av dei lovande, nye. Har vore med i danske forsøk (1021 Ber.), men gav der minst avling (av 10 sortar), men hadde dei største bæra.

##### Chenonceau

Cherry, framkomen i Italia (1840)

Comet, engelsk (1896)

Concascenter Rote

Diploma



Erstling aus Vierlanden

Opphav: Ribes petraeum x R. rubrum. Tysk sort etter frø av Raud Hollandsk i 1905. Til NLH i 1924. Prince Albert-type, R. petraeum-gruppa.

Synonym: Earliest of Fourlands, Rote Vierländer, Rheinland og Vierländer.

Vekst: Kraftig, opprett og tett. Nokså hardfør.

Blad: Lyse, litt lysare grøne enn hos Raud Hollandsk. Litt konvekse blad.

Knoppar: Ovale, store, lyst grøne. Tidleg knoppsprett.

Blomster: Klokkeforma utan ring.

Klase: Lang.

Bær: Små til middels store, lysande, mørk raude, litt pæreforma, syrefatlig med søt smak. Mørk, god farge på safta. Godt dessertbær og til konserverformål. Mognar tidleg, litt før Raud Hollandsk. Avling middels stor, som regel under Raud Hollandsk.

Sjukdom: Sterk mot bladsjukdom (Pseudopeziza ribis), men ikkje så sterk som Raud Hollandsk.

Dyrkingsverdi: Sterk mot bladsjukdomar, hardfør, lett å plukke. Er likevel ikkje mye planta, truleg mest på grunn av for liten avling.

Fay's Prolific

Opphav: Ribes sativum macrocarpum. Truleg ei kryssing mellom Victoria og Cherry, men skal vere ei frøplante av Cherry alen fram i 1868 av Lincoln Fay i New York. I handelen frå ca. 1880. Til NLH i 1887.

Synonym: Fay, Fay's Fruchtbare, Fay's neue Rote, Chenouceau, Cornet, Grand Ruby, Walker's og Wilder.

Vekst: Brei, litt opprett, middels kraftig, middels stor busk.

Blad: Store med djup bladsinus og raude bladnerver. Grove, butte bladflikar. Sein lauvsprett og vekst. Mørkt grøne.

Blomster: Asjettforma, med ring. Blomstrar tidleg.

Klase: Lang, nokså open, einsidig, hangande, med få blomster/bær.

Bær: Middels store til store, runde, faste med mørk saft. Nokså syrlege, men god smak. Tendens til å falle lett av. Mognar tidleg. Avlinga er liten. Dessert- og konserverbær.

Sjukdom: Får lett virus og bladsjukdomar.

Dyrkingsverdi: I Holland tilrådd spesielt for dyrking under glas. Lite Hardfør. Er lite og ikkje dyrka hos oss.

### Fertilde Palluau

#### Filler

Franco Germain. Sterk mot bladsjukdom.

#### Giant Red

Gondouin (R.sativum x R.petraeum) = R.gondouini

#### Groene Gæelsteel

#### Grosse Rote Kirsche

### Heinemann's Rote Spätlese

Opphav: Ribes multiflorum x (R.petraeum x R.rubrum). Etter kryssing mellom Raud Hollandsk og Andenken an Lorgus, laga av O. Macherauch, Tyskland. I handelen 1942. Til NLH i 1954.

Synonym: Macherauch Riesentraube, M. Rote Spätlese, M.'s Späte Riesentraube, Rote Spätlese, Red Late-Harvest, Groseille Raisin og Industria.

Vekst: Middels kraftig. Opprett busk.

Blad: Middels store, lyst grøne med svært spisse lappar. Konkave. Bladsinus svært grunn.

Blomster: Seintblomstrande, små, lyst grønlege blomster.

Klase: Svært lang med talrike, langstilka bær.

Bær: Mognar svært seint. Gir stor avling. Små til middels store, lyst raude, svært sure bær med store frø. C-vitaminrik. Godt konservbær.

Dyrkingsverdi: Eignar seg godt for hekkdyrking. Lett å hauste. Skadest lett i vind.

### Heros

Opphav: Ribes sativum. Send i handelen av H. Rosenthal, Tyskland, i 1927. Til NLH i 1928 (frå Späth).

Synonym: Laxton's Perfection. Det er funne ein rosa mutant av Heros.

Vekst: Middels kraftig, brei, open, med overhangande greiner.

Blad: Store, nokså lyst grøne med avrunda lappar. Endelappen nedbøygde, sidelappene bøygde oppover. Bladsinus grunn til middels djup.

Blomster: Flate med ring, små, gulgrøne med svak raudleg botn.

Klasse: Kort.

Bær: Nokså lyst raude, middels store, runde med store frø. Søte - litt syrlige. Tidleg mogne. Gode både som dessertbær og for konservformål.

Sjukdom: Mottakeleg for midd og virus. Sterk mot bladsjukdomar.

Dyrkingsverdi: For salsdyrking er veksten på busken noko ulagleg, og sorten ber for lite.

### Hoornse Geelsteel

#### Houghton Castle

Opphav: Ribes rubrum x R.sativum. Truleg alen fram ved Houghton Castle, Hexham, England. I 1820. Til NLH i 1924.

Synonym: Red Grape, American Wonder, May's Victoria, Zamok Hautona, New Red Dutch, Defiance. Ofte oppblanda med andre sortar.

Vekst: Sterk, brei, open busk. Hardfør.

Blad: Lyst gulgrøne, middels store til små.

Klasse: Lang, utstående, hårete.

Bær: Middels store, runde, mørkeraude, syrlig aromatiske. Gir stor avling. Størst avling i Sør-Sverige (av t.d. Raud Hollandsk og Erstilling aus Vierlanden). Middels tidleg mogning (om lag 1 veke etter Fay's Prolific).

Blomster: Flat, sein blomstring.

Sjukdom: Sterk mot bladfallsjuke. Vintersterk i Sverige (som Raud Hollandsk), nest best i Nord-Sverige.

### Imperial Jaune

#### Jonkheer van Tets

Opphav: Ribes sativum x R.a.macrocarpum. Kryssing mellom Fay's Prolific x ukjend sort, alen fram av J. Maarse, Holland, 1931/41. Til NLH i 1955.

Vekst: Kraftig, opprett, høg busk. Eldre greiner skal ha lett for å knekke ved basis.



- Blad: Lysegrøne, små, breie med avrunda sidelappar og kort, brei midtflapp. Bladsinus open, middels djup.
- Blomster: Tidlegblomstrande. Flat, gulgrøn, asjett forma med ring.
- Klase: Lang, god avstand mellom bæra. Færre bær på klasen enn Raud Hollandsk.
- Bær: Middels store til store, tynt skinn, nokså sure, men med god aroma. Saffrike bær med sterk, mørk, god farge på safta. Store frø. Mognar svært tidleg, ei veke før Fay's Prolific. Bær oftast rikt. God dessert- og konservbær.
- Sjukdom: Bra sterk mot bladsjukdomar. Får lett sinoberraud kreft (*Nectria cinnabarina*) når han blir skoren på kort ved og om hausten.
- Dyrkingsverdi: Lett å plukke. Svært tidleg og riktberande. Utsett for å bli skadd av regn (sprekking og rotning). Middels vinterherdig. Må ha gode vekstvilkår m.a. for å unngå frost i blomsteren. God til hekkdyrking. Eignar seg godt for mekanisk hausting.

La Constantine

La Farinoise

La Fertile

La Hatve (raud)

Laxton's No. 1

- Opphav: Ribes sativum. Alen fram av Laxton Bros., Bedford. Til NLH i 1927.
- Vekst: Middels kraftig til kraftig, opprett, brei, middels høg busk.
- Blad: Breie, tilspissa lappar. Middels store, lyse blad. Konkave. Djup bladsinus.
- Blomster: Tidlegblomstrande. Flate, gulgrøne blomster, utvendig rosa farga.
- Klase: Middels lang, grøn, open, einssidig bærstilling, ofte fleire klasar saman.
- Bær: Middels store, runde, lysande raude, lauskjøta. Mognar tidleg. Skadest lett av regn. Har lett for å falle av. Kvalitet, smak og aroma er svært god. Eignar seg godt for mekanisk hausting. Bær svært godt og årvisst. Særleg god til dessertbruk.
- Sjukdom: Svært mottakeleg for bladsjukdom. Greinene har lett for å knekke.
- Dyrkingsverdi: Lite hardfør.

Laxton's Perfection

Opphav: Ribes sativum macrocarpum. Alen fram av Laxton i 1910. Til NLH i 1927.

Synonym: I Sveits og Belgia ofte dyrka under namnet Heros (sjå denne).

Vekst: Middels sterktveksande, utbreidd, flat busk. Svak vekst på tung jord.

Blad: Breie, lyst grøne, store, konvekse. Spisse, grovt sagtakka lappar. Bladsinus er grunn.

Blomster: Blomstrar tidleg. Asjettforma, grøne, store, med ring.

Bær: "Kirsebærrips"-type. Svært store, jamstore, på lang, grøn, hangande klase. Lysande, mørkeraude. Fin kvalitet (smak og aroma) til dessertbruk. Tidleg mogen. Middels til lita avling. Små frø.

Sjukdom: Utsett for bladsjukdomar. Litt lite hardfør.

Dyrkingsverdi: Bæra blir lett skadde av regn. Lett å plukke.

Longbunched RedLoppersummerMaarse's Prominent

Opphav: Jonkheer van Tets x Fay's Prolific, alen fram av J. Maarse, Holland, 1947/1954.

Synonym: Prominent.

Vekst: Veik til middels kraftig med spinkle skot. Busken låg, brei, tett, opprett.

Blad: Små, mørkt grøne, buklete med oppbøygde bladrand. Bladsinus er middels djup.

Klase: Middels lang til lang, lang bærstilk.

Blomster: Blomstrar tidleg, gulgrøne med raudleg botn.

Bær: Middels store til store, runde til pæreforma, lyst raude. Gode til dessert og konservering. Lite skadde av regn. Bær rikt, om lag som Jonkheer van Tets. Store frø. Tidleg til middels tidleg mogning.

Sjukdom: Utsett for virus.

Dyrkingsverdi: Lett å plukke. Vel skikka til dessertbær og konservering. Veks betre til på sandjord enn på leirjord.

Madoe's Early RedMinnesota 69Mulka

Opphav: Houghton Castle x (Kernlose x Ribes multiflorum), alen fram ved Max Plank Institut, Tyskland (Dr. Bauer, Köln).

Blad:

Blomster: Seintblomstrande.

Klase: Lang.

Bær: Seint mogne. Mørkeraude, faste, syrlege med god aroma, middels store. Gir store avlingar.

Sjukdom: Frisk.

Dyrkingsverdi: Eignar seg ikkje særleg godt for mekanisk hausting.

Murle redNew Red DutchNorth StarPerfectionPomona

Opphav: Ribes sativum. Funnen i hage i Indiana, USA, av G.W. Blue. Utsend av Albertson og Hobbs, Indiana i 1896. Til NLH i 1928.

Synonym: Ingen.

Vekst: Middels kraftigveksande, utbreidd.

Klase: Lang.

Bær: Små til middels store. Lysande raude, mildt syrlege, god kvalitet. Tolleg riktberande. Middels tidleg mogne.

Sjukdom: Tolleg sterk mot bladsjukdom og hardfør.

Prince Albert

Opphav: Ribes petraeum x R.rubrum. Ein gammal sort, men opphav elles ukjent. Har truleg vore dyrka i 200 år.

Synonym: Duitse Zure, German's Saur, Holländische Rote, Rivers Late Red, Ruhm von Harlem, Verriers Rouges og Knights.



Vekst: Kraftig, store, opprette busker.

Blad: Mørkt grøne, tjukke, konvekse.

Blomster: Klokkeforma, raudfarga. Blomstrar seint.

Klase: Middels lang.

Bær: Store til middels store, lysande raude. Seint mogne. Heller vanskelege å plukke. Bær til vanleg rikt.

Sjukdom: Tolleg sterk mot bladsjukdomar.

Dyrkingsverdi: Vanskeleg å hauste. Eignar seg svært godt til konservformål, særleg syltetøy.

### Raud Hollandsk

Opphav: Ribes petraeum x R. rubrum. Elles ukjent opphav. I handelen frå 1665. Til NLH i 1887.

Synonym: Viking, Raud Hollandsk Drue(-rips), Raud Spansk, Red Dutch, Hollande Rouge, Holländische Rote, Hollenderska, Röda Holländska, Rosii de Olanda, Rote Holländer, Rote Holländische, Gollandskaja Krasnaja, Norwegian Red Dutch.

Vekst: Kraftig, opprett med litt overhangande greiner. Som eldre blir busken lett snau frå grunnen.

Blad: Spisslappa, kraftige, spisst sagtakka, konkave. Bladsinus grunn. Litt lysare grøne enn hos Rondon, men mørkare enn Erstling aus Vierlanden.

Blomster: Klokkeforma, grøn til svakt rosa, med ring. Blømer seint. Sjølvfertil.

Klase: Lang bogeforma, hangande, einssidig; fleire tett saman.

Bær: Middels store, faste med store frø, sterkt syrlege. Mognar seint, 8-14 dagar etter Erstling aus Vierlanden.

Sjukdom: Sterk mot bladsjukdomar. Immun mot filtrust (Cronartium ribicola).

Dyrkingsverdi: Vintersterk. Bra konservbær. Hovudsort hos oss. Avlinga over middels, men under Rondon.

### Raud Spansk, sjå Raud Hollandsk.

Red Cross

- Opphav: Ribes sativum macrocarpum; Cherry x White Grape, alen fram av J. Moore, New York. "Kirsebærrips". Til NLH i 1954.
- Vekst: Svak med få skot; brei, overhangande, open busk.
- Blad: Middels store, lyse, gulgrøne. Svakt konkave. Svært djup bladsinus.
- Blomster: Sjølvfertil. Gulgrøne blomster med rosa flekker.
- Klase: Lang, open, lang bærstilk.
- Bær: Store, dråpeforma til runde, velsmakande (lite syrlige), dessertbær. Små frø.
- Sjukdom: Svært utsett for bladfallsjuka.
- Dyrkingsverdi: Synte seg lite hardfør i svenske forsøk, Lita avling ved NLH og i svenske forsøk, som også kan forklarast ved vinterskade.

Red GeelsteelRed Lake

- Opphav: Ribes sativum macrocarpum. Foreldre ukjende. Laga ved Minnesorta Fruit Breeding Farm, av W.H. Alderman. Send ut i 1933. Til NLH i 1954 (frå Laxton).
- Synonym: Minnesota 24.
- Vekst: Middels kraftig, opprett. Litt svake greiner. Lyst bladverk. Sterkt raudfarga skotspissar.
- Blad: Store, mørkt blågrøne med oppbøygde bladrand. Bladsinus djup. Nokså raudfarga bladstilk og nerver.
- Klase: Lang, med mange bær og lang bærstilk.
- Bær: "Kirsebærrips"-type. Store, lysande raudfarge, lange stilkar, 18-20 bær/klase. Mognar middels tidleg. Riktberande. Store frø. God kvalitet, nokså søte, framifrå til gelé.
- Sjukdom: Sterk mot bladsjukdomar, men noko utsett for mjøldogg.
- Dyrkingsverdi: Lett å hauste. Større avling og større bær enn Raud Hollandsk i forsøk i Sør-Sverige. Liknar mye på Laxton's Perfection i blomster og bæreegenskapar. Lite prøvd hos oss. Av 6 ripssortar den mest C-vitaminrike i Canada (37,1 mg/100 g bær). Hardfør (Wisc. i USA), ein av dei mest dyrka i Nord-Amerika.

Rød Raby Castle = Raby Castle

Rhienland

Rivers Late Rød

Rondom

Opphav: (Ribes multiflorum x Versailles) x R. rubrum (ein eldre hollandsk sort).  
Alen fram av I. Rietsema, Breda, 1934/1949. Til NLH i 1955.

Vekst: Svært kraftig, opprett til brei, litt overhangande.

Blad: Middels store, opp- og innoverbøyde. Mørkt grøne. Bladsinus grunn til middels djup.

Blomster: Klokkeforma grøne til svakt rosa med litt opphøgd ring.

Klase: Kort til middels lang, tett sett med kortstilka bær rundt stilken, derfor "rondom". Har fleire bær pr. klase enn t.d. Raud Hollandsk.

Bær: Middels til store, glinsande raude, sure. Små frø. Gir lite saft som er svært sur, for lyst raude og aromafattige. Safta har lett for å bli uklår på grunn av høgre eggekviteinnhald enn i andre kjende ripssortar. Mognar seint, 3-4 veker etter Jonkheer van Tets og litt etter Raud Hollandsk. Svært riktberande og årviss. Størst avling av sortane på NLH og i danske forsøk (1021. Bær.).

Sjukdom: Utsett for midd og virus (Tyskland). Er sterk mot bladfallsjuken (Gloeosporium ribis).

Dyrkingsverdi: Tilrådd for dyrking som hekk (Holland). Hausteprestasjonane er store, men kvaliteten er ikkje god nok. Hollendarane er etter kvart meir varsame med å tilrå for stor salsdyrking av sorten (mest planta nest etter Jonkheer van Tets). Sorten er vinterherdig. Ikkje særleg god for konservformål på grunn av svak farge og lite aroma.

Scotch (R. rubrum).

Stanza

Opphav: Alen fram ved forsøksstasjonen St. Anna Parochie, Frankrike.

Synonym: St. Anna-bes.

Sorten er med i hollandsk sortsliste, som ein sort ein vil vinne meir røynsle med. Sorten skal bere rikt til svært rikt. Mognar seint. Bæra er



nokså sure, men med bra aroma, faste, mørkt raude og store. God farge på safta. Berre litt utsett for bladsjukdom. Sorten er ikkje prøvd ved NLH.

### Stephens

Opphav: Ribes sativum macrocarpum. Foreldre ukjende. Laga av C.L. Stephens, Ontario. Utsend 1933. Til NLH i 1954.

Synonym: Stephens 9.

Vekst: Kraftig, noko utbreidd.

Bær: Svært store, klase middels lang. Vakkert raudfarga, middels sur, framifrå kvalitet. Bær rikt. Analyser syner at sorten er blant dei mest C-vitaminrike. Middels tidleg mogning.

Dyrkingsverdi: Svært hardfør.

### Stjedraja (= Sčedraja ?)

Opphav: Fejja Plodorodnaja x Houghton Castle. Russisk.

Skal vere resistant mot bladsjukdomar, er hardfør og bær rikt. Har vore med i danske forsøk (1021. Ber., 1968-70) og hadde nest største avling etter Rondom, men har små bær som Rondom. Eit godt konservbær, saftrik og med små frø, men ikkje av dei beste til frysing. Bæra er mørkt raude, dropeforma til runde. Mognar tidleg. Syrleg smak.

### Versailles Rote (R.sativum macrocarpum)

#### Victoria

Viking, sjå Raud Hollandsk

Wilder (frøplante av Versailles Rote)

Wilson's Long Bunch, sjå Victoria

#### Witte Geelsteel

b) Kvitrips

Del lyse ripssortane (kvitrips) er mindre kjende og sortsmaterialet er mindre granska. Institutt for fruktdyrking har 16 kvite ripssortar i samlingane, men det er sannsynleg at det er fleire namn på same sort.

Forsøk og sortsgranskingar gir svakt grunnlag for sortstilrådingar i kvitrips. I Norge er Kvit Hollandsk tilrådd, men namnet er brukt om fleire ulike. Den som vi har funne best, og mest motstandsdyktig mot bladsjukdomar, er ikkje identifisert, men delvis spreidd som Kvit Hollandsk, men det er ikkje rett namn på vår sort.

Kvitrips gir stort sett mindre avling enn raudrips, og skal gjennomgåande ikkje vere så rike på C-vitamin som raudrips. I dag spelar dei lita rolle i salsdyrkinga. Det har vore dyrkar ein del kvitrips for framstilling av vin her i landet. På grunn av den milde, søte, lett syrlege, gode smaken høver dei særleg godt som desæertbær (sukra, friske). Dei gir i regelen for små avlingar samanlikna med raudrips. Fargen gjer nok også sitt til at det ikkje er stort spørsmål etter dei.

Blanche de Versailles

Opphav: Ribes sativum. Alen fram av franskmannen M. Bertin. I handelen frå 1850. Til NLH i 1927.

Synonym: Weisse Versailles, Versaillaise Blanche, White Versailles, Weisse Versailler.

Vekst: Middels sterk til sterk, avrunda, litt utliggjande busk.

Blomster: Flate, tidleg i blomst.

Klase: Hangande, lang, langstilka bær.

Bær: Middels store, runde til litt flatrunde, gulkvite. Mild, fin smak, aromatisk, søt, syrleg.

Dyrkingsverdi: Skal bære meir enn Weisse aus Jüteborg og litt mindre utsett for bladsjukdom.

Echte Witte Parel (same gruppe som Jonkheer van Tets)

Englische Grosse Weisse (same gruppe som Jonkheer van Tets)

Grossfrüchtige Weisse (R.sativum)

Kvit Hollandsk

Opphav: Ribes sativum. Den eldste av dei kvite sortane, over 200 år gammel; nemnd<sup>i</sup> 1668 av John Rea. Til NLH i 1941.

Synonym: White Dutch, Kvit Spansk, Kvit Drue, Hollande Blanche, Gollandskaja Belaja, Grosseille Perlée og (White Dutch Grape ? (Jørstad), ikkje rett namn?)

Vekst: Svak til middels sterk, opprett. Lyst bladverk.

Blomster: Seintblomstrande.

Bær: Middels tidleg til seint mogne.

Kvit Spansk, sjå Kvit Hollandsk

La Hative (kvit)

Langtraubige Weisse

Vijimmørnse Witte

Wapago (1938) av R.odoratum, frå S.Dakota, USA

Wato (1938) av R.odoratum, frå S.Dakota, USA

Weisse Kaiserliche

Weisse Versailles, sjå Blanche de Versailles

White Champion

White Grape (same gruppe som Jonkheer van Tets)

Weisse aus Jüterborg

Opphav: Ribes sativum x R.rubrum. Foreldre ukjende og uvisst når sorten kom i handelen. Til NLH i 1952.

Synonym: Weisser Jüterboger, White Jüterborg, Weisse von Jüterbog.

Vekst: Svak til middels sterk.

Blad: Middels store til store, mørkt grøne. Brei midtlapp.

Bær: Små til middels store, runde, gulkvite med lysebrune, synlege frø. Syrlegetil søte, aromatiske. Mognar tidleg, om lag 3 dagar etter Fay's Prolific. Ikkje særleg riktberande.



